TVO
Utdanningsforbundet

TV1

Kursguide

Nettverk 1 (Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta)
Hotel Alexandra, Loen
11. – 12. september 2024

Velkommen til kurs

Som ny arbeidsplasstillitsvald i Utdanningsforbundet er du no vorten del av eit stort fellesskap som jobbar mot felles mål.

Du skal snart på det første kurset ditt som ny arbeidsplasstillitsvald. I denne guiden får du informasjon om opplæringa du skal få. Grunnopplæringa for arbeidsplasstillitsvalde er bygd opp med fire kurs i ein trinn-struktur. Alle kursa skal gjennomførast det første året som tillitsvald og du må ha delteke på alle kursa for å få grunnopplæringa godkjend.

Gjennom grunnskuleringa skal dei arbeidsplasstillitsvalde:

- Bli kjend med lokal og fylkeslag
- Bli trygge i rolla og motiverast til innsats
- Kunne praktisere medråderett på arbeidsplassen
- Få innsyn i lover, avtalar, Utdanningsforbundet sin politikk og andre tilhøve som legg rammene for tillitsvaldarbeidet
- Bli kjend med Utdanningsforbundet sin politikk og vere medviten handlingsrommet ein har som tillitsvald
- Bli i stand til å arbeide strategisk for Utdanningsforbundet sin politikk og medlemmene sine interesser
- Forstå kva det betyr at Utdanningsforbundet er ein profesjonsorganisasjon og korleis profesjonsfagleg argumentasjon kan brukast
- Kunne leie klubben og engasjere medlemmene
- Kunne kommunisere godt i møte med andre
- Kunne jobbe for medlemsvekst

Dei tillitsvalde skal i tillegg til opplæringa og få verktøy og støtte til det praktiske arbeidet.

Tillitsvaldrolla er hovudoverskrift for grunnopplæringa. Under denne er det fem *kjernetema* som går att gjennom alle kursa, med ein nivåprogresjon.

TILLITSVALDROLLA				
Arbeidet som tillitsvald skal vere handlingsretta og tufta på medvit om kva det inneber å vere tillitsvald i ei fagforeining, korleis ein er forplikta til å jobbe tett på medlemmene og korleis profesjonsforståing styrer mange av vala ein gjer.				
Klubbarbeid og fagforeiningsmedvit	Hovudavtalen og medråderett	Lønns- og arbeidsvilkår	Profesjons-medvit	Kommuni-kasjons-ferdigheiter

TV1: Det startar lokalt

Det er lagt vekt på rolle- og oppgåveforståing, introduksjon til lov- og avtaleverk, og kva det vil seie at Utdanningsforbundet er ein profesjonsorganisasjon.

TV1 vert gjennomført i og av lokallaget og samlar deltakarar frå alle medlemsgrupper og alle tariffområde.

Mål for TV1
Må sette inn mål

TV-guiden
Handbok for nye arbeidsplass-tillitsvalde.

TV-guiden er ein del av grunnskoleringa Vi vil bruke guiden som eit oppslagsverk på nokre av oppgåvene.

Timeplanen

11. sept.	Kva skjer?
17.30 – 18.30	Velkomen, presentasjon og bli kjend. Enkel servering.
18.30 – 20.00	Fritid. Du kan nytte fasilitetane på hotellet; bade, trene, gå ein tur.
20.00	Middag

12. sept	Kva skjer?
09.00 – 10.00	OPPSTART
10.00 – 10.15	Pause
10.15 – 12.00	Casearbeid/Førelesing- Tillitsvaldrolla
12.00 – 13.00	Lunsj
13.00 – 14.00	Casearbeid/Førelesing framhald
14.00 – 14.15	*Pause*
14.15 – 15.00	Casearbeid, avrunding og førebuing TV2

Førebuing til kurset
Til kurset skal du ta med PC/Nettbrett. *Her* finn du meir informasjon om grunnopplæringa. Klikk deg inn på ditt avtaleområde.
De har rett til permisjon med lønn for deltaking på kurset. Sjå informasjon i innkallinga til kurset.

Velkommen ☺

Helsing lokallagsleiarane i Nettverk 1